

Fedje kommune  
Stormarkvegen 49  
5947 FEDJE

---

**Dato** 13.06.2023  
**Vår referanse** 2023/63970-3  
**Dykkar referanse**  
**Sakshandsamar** Kari Elster Moen  
**E-post** Kari.Elster.Moen@vlfk.no  
**Telefon** 95288829

## Uttale til dispensasjon - kai, flytebrygge og parkeringsplass - gnr. 169 bnr. 182 - Fedje kommune

Vestland fylkeskommune viser til dispensasjonssak sendt oss til uttale 05.06.2023. Det er søkt om dispensasjon for etablering av parkeringsplass, ny kai og utlegging av flytebrygge knytt til naust på gnr. 169 bnr. 182.

Vestland fylkeskommune uttaler seg i dette brevet som forvaltar av fylkesveg, med ansvar for trafikktryggleik og framkomst på fylkesvegen. Om andre i fylkeskommunen har merknader, vil dei sende det i eige brev.

Det framgår ikkje i det vi har fått oversendt kva føremålet med tiltaka er, og om det vil medføre auka trafikk. Første offentlege veg frå eigedomen er kommunal. Det er derfor kommunen som må behandle søknad om utvida eller endra bruk av avkøyrsla etter veglova §§ 40-43 dersom det er aktuelt. Vi vil i den samanhengen påpeike at det ikkje er tilstrekkeleg sikt i krysset mellom kommunal veg og fylkesveg 5510 på grunn av ein bergknaus som ligg i siktsona mot sør, sjå bildet henta frå Google Streetview:



### Merknad til dispensasjonsbehandlninga:

Dersom tiltaket medfører etablering av parkeringsplassar, eller andre tiltak som medfører auka trafikk, må det og søkast om løyve til utvida bruk av avkøyrsla. Vi meiner at det må stillast krav om utbetring av sikta mot høgre i avkøyrsla som ein del av dispensasjonsvedtaket etter plan- og bygningslova. Bakgrunnen for det er omsynet til trafikktryggleik.

Med helsing

**Linda Hjelmeland**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Kari Elster Moen**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

<b>Postadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>E-post</b>	<b>Heimeside</b>	<b>EHF-Fakturaadr.</b>	<b>Organisasjonsnr.</b>
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

